

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
066/19	Plan- og miljøutvalet	PS	19.06.2019
045/19	Kommunestyret	PS	27.06.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hans Kristian Dolmen	18/1317

Detaljplan Lindås barnehage - 2.gangs handsaming - Eigengodkjenning av plan - planID 1263-201803

Vedlegg :

Detaljplan Lindås Bhg Planomtale 131118
Detaljplan Lindås Bhg Plankart 141118
Detaljplan Lindås Bhg Føresegn 060619
Detaljplan Lindås Bhg Illustrasjonsplan 131118
Detaljplan Lindås Bhg ROS-analyse 110918
DP Lindås Bhg VA-rammeplan 130619
Vedlegg Framtidig situasjon VA-anlegg 260918
Vedlegg Nedslagsfelt Flomveg 260918

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, vedtek kommunestyret å eigengodkjenne framlegg til detaljplan for Lindås barnehagei, planID 1263-201803

1. Gjeldande plandokument vert:
 - a. Planomtale (13.11.2018)
 - i. ROS-analyse (110918)
 - b. Føresegner (6.6.2019)
 - c. Plankart (14.11.2018) i målestokk 1:1000 på A2

Plan- og miljøutvalet - 066/19

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

PM - vedtak:

Innstilling frå Plan- og miljøutvalet - 19.06.2019:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, vedtek kommunestyret å eigengodkjenne framlegg til detaljplan for Lindås barnehage, planID 1263-201803

1. Gjeldande plandokument vert:
 - a. Planomtale (13.11.2018)
 - i. ROS-analyse (110918)
 - b. Føresegner (6.6.2019)

- c. Plankart (14.11.2018) i målsestokk 1:1000 på A2

Kommunestyret - 045/19

KO - behandling:

Innstillinga frå plan- og miljøutvalet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, vedtek kommunestyret å eigengodkjenne framlegg til detaljplan for Lindås barnehage, planID 1263-201803

1. Gjeldande plandokument vert:
 - a. Planomtale (13.11.2018)
 - i. ROS-analyse (110918)
 - b. Føresegner (6.6.2019)
 - c. Plankart (14.11.2018) i målsestokk 1:1000 på A2

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Detaljplan Lindås barnehage vart lagt fram til 1. gongs handsaming i plan- og miljøutvalet 12. desember 2018, sak 161/18. Utvalet får no saka til 2. gongs handsaming etter høyring og offentleg ettersyn er gjennomført. Planutvalet skal gje innstilling og saka leggjast vidare fram for kommunestyret og eigengodkjenning 27. juni 2019.

Bakgrunn

Framlegg til detaljplan for Lindås barnehage vert fremja av Norconsult på vegne av tiltakshavar Lindås kommune ved Eigedomsavdelinga. Planområdet ligg sentralt på Lindås, er om lag 10 da og omfattar eigedom gnr 108 bnr 283 mfl. Oppstart av planarbeidet vart annonsert 3.5.2018 og informasjonsmøte vart gjort i Lindåshallen 9.5.2018.

Framlegg til reguleringsplan for Lindås barnehage legg til rette for bygging av ny offentleg barnehage med tilhøyrande anlegg og fleirbruks uteareal både for barnehage, skule og bumiljø. Vidare skal planen leggje til rette for ei forbetring av tilhøve for særskilt mjuke trafikantar når det gjeld tilkomsten til barnehagen og trafikksikringa av krysset mellom FV398 og FV400 like ved barnehagen.

Administrasjonen peika på under 1. gongs handsaming at det var sider med planarbeidet som ikkje var heilt modent. Det gjaldt særskilt tilkomst og trafikkavvikling og som varsla har

Statens vegvesen levert motsegn til planen på dette grunnlaget. Vidare er tilsynelatande planlegginga av og forarbeidet med ny offentleg barnehage positiv motteke i nærmiljøet.

Høyring og offentleg ettersyn

Plan- og miljøutvalet gjorde i sak 161/18, den 12.12.2018 vedtak om at framlegg til detaljplan for Lindås barnehage, kunne leggjast ut til høyring og sendast på offentleg ettersyn. Framlegget til plan låg ute i perioden 19.12.2018 til og med 22.2.2019.

I høyringsperioden kom det inn til saman 12 innspel, 4 frå offentlege organ medan 8 frå grunniegar og frivillige lag. Statens vegvesen sitt innspel inkluderte motsegn knytt til opparbeiding og gjennomføring av trafikktryggingstiltak knytt til FV398 og FV400.

Det er elles merknader til mellom anna uteområda og særleg akebakken, overvatn og va-rammeplan, parkering, trafikksikring og tilhøvet til bensinstasjonen direkte knytt til planområdet. I det følgjande er ein kortfatta gjennomgang av alle innspel. Konsulent er bedt og å gje si vurdering og innspela er kommentert frå Lindås kommune der det er naudsynt.

Når det gjeld uteområdet og særskilt akebakken er denne teke opp av fleire. Vidare er handtering av overvatn ei utfordring som er spelt inn og som må handterast. Ein tek desse tema nærare opp i eige punkt etter gjennomgangen av innspel.

Fase Offentleg ettersyn	Merknader (innhold – stikkord)	Dialog / merknad Konsulent / Lindås kommune
Samfunnshuset Haugatun v/Styret Mongstadvegen 20A 5955 Lindås	<p>Meiner det er stor at det regulerast GS-veg /fortau kangs FV398, frå trafo ved 1. vegkryss sør for planlagt barnehage</p> <p>Vil gje betre oversikt ved avkøyrsløse til barnehage</p> <p>Vert ein mykje nytta veg til Haukåsskolten, utfluktsområde for barnhage</p> <p>GS-veg nyttast av brukarar av Haugatun, særleg ungdom på øving, framsyning og andre tilstelningar</p> <p>Akebakken</p>	<p>Konsulent</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Det er regulert inn GS-veg på den nemnde strekninga i annan plan («Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad»). Rekkjefølgekrav som krev opparbeiding av dette strekket før barnehagen vert tatt i bruk er vurdert å ikkje vere rimeleg då barnehagen vil ha lite trafikk frå sør 2. Vi kan ikkje sjå at å forlenge gang/ sykkelvegen skal betre utkøyrsla for barnehagen 3. Det er og mogeleg å gå til Haukåsskolten frå barnehagen via Trondhjemske postveg. Dette er ei meir naturleg turrute enn langs fylkesvegen. <p>Konsulent</p>

<p>Krambuhaugen Vel v/Styret Krambuhaugen 37 5955 Lindås</p>	<p>Akebakken er mykje brukt og viktig for nabolaget. Positivt at ein gjennom plan tar sikte på å ta i vare denne, men det kan se ut som bunnen av bakken kan verte avskåren av gjerde. Ønskjer at det vert ein naturleg stopp som ikkje vert avgrensa av gjerde</p> <p>VA-rammeplan Oppfatter det slik at noko av overflatevatnet skal renne gjennom Krambuhaugen. Spørrande til dette då bebuarar allerie opplevar ei problematisk auke av overflatevatn i området etter påbygg på Lindås barneskule. Mykje vatn kjem som skyller ut grus frå sti mellom Krambuhaugen og postvegen, som igjen tetter kum. Ber om ei vurdering av å lede overflatevatnet anna veg</p>	<p>1. Ein har i størst mogeleg grad søkt å ta vare på akebakken, men då det er ønska at barnehagetomta på sikt skal gi rom for 135 barn (162 plassar) er det nødvendig med den storleiken på barnehagetomta som vist. I første omgang vil imidlertid ikkje barnehagen vere så stor. Ved detaljutforming av barnehagen vil ein kunne sjå nærare på ivaretaking av akebakken</p> <p>2. Det blir lagt opp til at overvatnet i størst mogleg grad skal handterast lokalt, og med opne overvasstiltak. Flomveg frå nedslagsfelt 2 i VA-rammeplanen er vist til Krambuhaugen. Vi ser at delar av dette nedslagsfeltet kan leiast mot Prestelva, i staden for Krambuhaugen. VA-rammeplanen vil bli difor bli revidert.</p>
<p>Lindås barneskule FAU Veråsvegen 24 5955 Lindås</p>	<p>Akebakken Ein er glad for akebakken kjem utan for barnehageområdet Det ser likevel ut som gjerdet for uteområdet kjem i bunnen av bakken, dette må avklarast, kome tydeleg fram Me meiner ein må forvente auka trafikk frå sør (Haukås), ønsker fortau frå barnehagen og sørover mot/til Haugatun «Elefantskogen» er lokalt viktig og mykje i bruk, viktig å ta i vare flest mogleg av desse Positivt at det kjem fortau på FV398 mellom Lindåshallen – Ny barnehage</p>	<p>Konsulent</p> <p>1. Sjå svar på merknad frå Krambuhaugen vel i detaljutforminga vil ein sjå nærare på kva tre ein skal/ bør ta vare på</p> <p>3. Bustadtalet på Haukås er ikkje særleg høgt slik at barnehagen ikkje kan generere mykje trafikk frå dette området. Det er difor ikkje rimeleg at det vert lagt inn rekkefølgekrav som krev opparbeiding av dette strekket før barnehagen vert tatt i bruk.</p>

Fase Offentleg ettersyn	Merknader (innhold – stikkord)	Dialog / merknad Konsulent / Lindås kommune
<p>Kolås barnehage Samarbeidsutvalget v/Skrivar</p>	<p>Parkering Lagt opp til 30 P-plasser, er parkering for personal med i dette talet?</p> <p>Trafikksikring Kva for midler skal nyttast til tiltaka knytt til veg? Avsatt budsjett må nyttast til tomt og barnehagebygg</p>	<p>Konsulent</p> <p>1. Parkering for personal er med i dette talet. Talet er i tråd med kommune-planen sine parkeringsføresegner.</p> <p>2. Det budsjettmessige er ikkje del av sjølve plansaka. Dette kan svarast på i annan samanheng.</p>
<p>Geir Wergeland Veråsvegen 3 5955 Lindås</p> <p>Gnr 108 bnr 82 og 84</p>	<p>Trafikkområde Positiv til at krysset FV 398 og FV 400 Betra trafikktilhøve kan gjerast i krysset på ulikt vis</p>	<p>Konsulent</p> <p>Kommunen har blitt enige med Statens vegvesen om ei kryssutforming som ikkje er optimal, men likevel vil rydde i situasjonen Reduksjon av fartsgrense er ikkje del av</p>

<p>Heidi Andvik og Bertil Isaksen Krambuhaugen 35 5955 Lindås</p>	<p>Ein kan redusere fartsgrensa til 30 km/t lengre ut frå kryss</p> <p>Ein kan skyve kryss og fortau nærmare fotballbane slik at krysset rettast litt ut Mykje trafikk frå Lindåshallen og busshaldeplass for skule til bensinstasjon, trafikk frå gåande og skule flyt litt ut, lage fysisk hindring</p> <p>Oppfordrar til felles synfaring på dei rette tidspunkta, til dømes ved skuleslutt</p> <p>Ønskeleg at det er mogleg å kome til eigedom med lastebil</p> <p>Akebakken Akebakken vert nytta i skuletida og fritida Det går fram av plandoumenta at ein ønskjer å ta vare på dette området, men illustrasjonsplanen kan syne at barnehagegjerdet og gangveg kjem i stoppområdet for akebakken Akebakken i sin heilskap må takast i vare</p> <p>Overflatevatn – NB! Det kjem i dag mykje overflatevatn ner mot Krambuhaugen Har auka vesentleg etter nytt påbygg på skulen vart realisert Særleg merkbart mellom adressa Krambuhaugen 27, 29 og 35 Utbetre grøft sør for skulen har hjulpet, men flytta vassproblemet til botn av akebakken Det er vidare opna ei ny grøft(?) som kjem ut i gruslagt gangveg mot Krambuhaugen, tettast sluk ved nr.29 og i krysset nr 15 og 21</p> <p>Kryss Gjeld kryssområdet mellom FV 57, FV 398 og FV 400 For å sikre framtidig drift av bensinstasjon viktig at tilkomst for stor bil / trailer ikkje vert hindra til og frå stasjonsområdet</p>	<p>planarbeid. Vurderast i eigen sak av Statens vegvesen Vil vere svært omfattande då ein då må endre på vegframføringa langt nordover Dette kan vurderast som ein del av detaljutforminga av krysset. Aktuelt areal for slik hindring er satt av til «anna veggrunn» i planen. Her kan ein sette opp slik hindring dersom dette vert vurdert som føremålsteneleg og ikkje kjem i konflikt med sikt Kommunen og konsulenten har synfart området og er kjent med problemstillingane rundt krysset. Ser ikkje behov for ny synfaring Dette vert tatt som del av detaljutforming av avkjørsla. Kommunen vil ha dialog om temaet ved utbetring av krysset og Wergeland si avkjørsla</p> <p>Konsulent</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Sjå svar på merknad frå Krambuhaugen vel 1. Det blir lagt opp til at overvatnet i størst mogleg grad skal handterast lokalt, og med opne overvasstiltak 2. Flomveg frå nedslagsfelt 2 i VA-rammeplanen er vist til Krambuhaugen 3. Vi ser at delar av dette nedslagsfeltet kan leiast mot Prestelva, i staden for Krambuhaugen. VA-rammeplanen vil bli difor bli revidert. <p>Konsulent Tilkomst for stor bil/ trailer vert ikkje hindra Springsteikningar syner at vogntog kjem inn på bensin-stasjonsområdet og bla. fram til truckdieselanlegg i sør</p>
<p>Fase Offentleg ettersyn</p>	<p>Merknader (innhold – stikkord)</p>	<p>Dialog / merknad Konsulent / Lindås kommune</p>
	<p>Kryss Planlagt innsnevring av innkøyring til</p>	<p>Konsulent 1. Innkøyringa til bensinstasjonen er i</p>

<p>Lindås bensin & Service v/ Styremedlem Veråsvegen 2 5955 Lindås</p>	<p>bensinstasjon er ikkje gunstig for dagleg drift</p> <p>Same gjeld for planlagt midtrabatt mellom FV 398 og FV400. SVV har godkjent og me har utført fjerning av refuge langs FV398 for å betre tilkomst</p> <p>Anbefalar synfaring ved skuleslutt, utflytande bruk av området</p> <p>Føremålsteneleg med større området med redusert fartsgrense</p>	<p>dag utflytande og treng ei oppstramming slik at området vert meir lesbart, og dermed tryggare, for både bilistar og mjuke trafikantar. Oppstramminga vil ikkje hindre tilkomst til bensinstasjonen. Sporing viser at vogntog kjem seg inn og fram til truckdieselanlegget i sør.</p> <p>Planen tar ikkje stilling til bredda på refugen. Anna vegg grunn i plankartet er det som ligg utanfor eigedomsgrensa til bensin-stasjonen. Dette er om lag halvparten av bredda på den opprinnelege refugen. Vogntog vil kome seg fram til truckdieselanlegget i sør slik at dette skal vere ivaretatt.</p> <p>Kommunen og konsulenten har synfart området og er kjent med problemstillingane rundt krysset. Ser ikkje behov for ny synfaring.</p> <p>Reduksjon av fartsgrense er ikkje del av reguleringsplanarbeid. Vurderast i eigen sak av Statens vegvesen.</p>
<p>Statens vegvesen Askedalen 4 6863 Leikanger</p> <p>Hordaland fylke</p>	<p>MOTSEGN!</p> <p>Motsegna gjeld krav om rekkjefølgje og opparbeiding av kryssområdet FV 398 og FV 400</p> <p>Motsegna er knytta til trafikktryggleik og krav om rekkjefølgje, naudsente tiltak må vere gjennomført før det vert gjeve (mellombels) bruksløyve til ny barnehage</p> <p>SVV har vore med i prosess knytt til denne plan tidlegare, gjeve vurdering av vegløyving, trafikktaal, utforming, oppstramming, fortau og omsynssone kring postvegen samt forventa krav til rekkjefølgje</p> <p>HFK har ikkje vesentlege merknadar</p> <p>Syner til fylkeskonservatorens sine generelle merknadar. Ved oppstart vart det varsla arkeologisk registrering, denne vart utført 28.9.2018 og ein fann ingen automatisk freda minne innan for området</p> <p>«Postvegen» er teken i vare gjennom omsynssone</p> <p>Minner om den generelle meldeplikta knytt til kulturminnelova</p>	<p>Konsulent</p> <p>1. Reguleringsplanen er retta opp. Det er lagt inn rekkjefølgjekrav som ønska av Statens vegvesen.</p> <p>Tatt til orientering</p>
<p>NVE</p>	<p>NVE syner til brev 29.9.2017 og gjev generell uttale vis ein ikkje ber særskilt om kva dei skal vurdere</p> <p>Syner elles til generelle nettbaserte hjelpemiddel</p> <p>Minner om at det kommunen som er ansvarleg for at tilstrekkeleg omsyn til flaum og skredfare vert gjort uavhengig av uttale frå NVE</p>	<p>Tatt til orientering</p>
<p>Fylkesmannen i Vestland</p>	<p>Samordna uttale – Statlege motsegner</p> <p>Dialogmøte med kommunen 12.04.19.</p>	<p>1. Reguleringsplanen er retta opp. Det er lagt inn rekkjefølgjekrav som ønska av Statens vegvesen.</p>


- | | |
|--|---|
| | 2. Når det gjeld området ned mot Prestelva vil kommunen ved endring av formål i overordna plan, utarbeiding av reguleringsplan og ved dispensasjonssøknader leggje vekt på at området er viktig som leikeareal. |
|--|---|

Vurdering

Innspela til framlegget til plan rettar seg i hovudsak mot tre område. Det eine er trafikkavvikling og tryggleik, det andre er uteområde og samspelet med områda kring barnehagen og sist er det VA-rammeplan og handtering særleg av overvatn.

Trafikkavvikling og trafikktryggleik

a. Motsegn og dialogmøte



Statens vegvesen meiner at framlegget til plan ikkje tilfredstiller deira interesse når det gjeld trafikktryggleik. Dei krev at det vert sett rekkefølgekrav om trafikksikring av kryssområdet mellom FV400 og FV398 før barnehagen vert teke i bruk. Statens vegvesen fremja difor motsegn til planen.

Det vart gjennomført dialogmøte mellom Lindås kommune, Statens vegvesen og Fylkesmannen 12.4.2019. Uike sider ved framlegg til plan vart diskutert, men konklusjon i høve til motsegna vart at Fylkesmannen ikkje fant grunn til å avskjere motsegna til Statens vegvesen. Kommunen må difor rette opp planen på dette punktet.

b. Tilhøve til bensinstasjonen

Til drifta av bensinstasjonen er det naturleg nok mykje trafikk. Knytt til transport til og frå Mongstad er det og mykje tungtrafikk og mange av desse køyretøya stoppar på Lindås. Ein kan seie det er uheldig at tungtrafikk ligg så tett opp til skule, idrettshall og no barnehage, men slik er eksisterande tilhøve. Kryssområdet mellom FV398 og FV400 er tilkomst til bensinstasjonen så det er viktig at området vert utbetra. I innspel frå drivar og eigar av bensinstasjonen er det og tilhøve til tungtrafikken eller næringstrafikken om ein vil ei ønskjer sikra å ta i vare.

c. Tilkomst til barnehagen

Tilkomsten til skal skje frå FV398 (Fjellangersvingane) og avkøyrsla vert regulert med den utforming og siktilhøve som tilfredstillar krav. Som ein del av justert plan og krav om rekkjefølgje skal kryssområdet utbetrast (o_SKV1). Fortau (o_SF1) frå kryss og til avkøyrsla (o_SV) er det allerie krav om at skal opparbeidast før barnehagen vert teken i bruk.

d. Fortau langs FV398


Sørover frå avkøyrsla til barnehagen er det lagt inn fortau (o_SGS) som ein ikkje har teke stilling til skal byggjast no. Planmessig vil denne planen erstatte delar av planen «Riksveg 568 gjenneom Lindås tettstad», og gje eit samhengjande fortau eit stykke sørover. Samstundes er der ikkje planer for eller initiativ til realisering av dette planområdet.

Vegstrekket ned mot Haugtun samfunnshus er beint og oversiktleg. Sjølv om det kan vere ei viss auke i bruk av denne delen av vegen knytt til barnehagen ser ein ikkje at det kan vere rimelig å leggje krav om realisering av fortau eller GS-veg knytt til barnehagen. Ein kan fremja standpunktet om trafikksikring, men omfanget av krav om rekkjegløgje må og stå i høve til den aktivitet tiltaket kan eller vil føre med seg

Uteområde

a. Uteområdet generelt og sambruk

Som utgangspunkt bør det vere ei målsetjing av når ein investerar offentlege midler i uteområde bør dei kunne dekke tre bruksområder. Det eine er som ute- og opphaldsområde i opningstida til barnehage eller skule. Det andre er at det har eit slikt innhald og kvalitet at det inspirerer til uorgainsert bruk utanom opningstid. Det tredje er at det tilgjengeleg på ein slik måte at og ulike aldergrupper i nær- og buområde kan bruke eller ha aktivitet.



b. Akebakken

I forarbeidet til plan er det gjort ei barnetråkkregistrering. Det går tydelig fram at delar av planområdet er i aktiv bruk. Det kjem og fram i innspela at særleg akebakken må takast i vare. Gjennom innspela er det ei bekymring om at ei eventuell inngjerding kring barnehagen kan verte eit hinder for bruk av akebakken.



Ein må seie at innspelet er teke med. Plankartet syner området som kan nyttast til barnehage føremål, medan illustrasjonsplanen syner korleis ein i hovudsak har planlagt å bruke området. Så vil nok den konkrete byggjesak og utforming av uteområda justerast noko og omsyn til akebakken må vere i alle si interesse.

c. Erstatningsareal – «Elefantskogen»

«Elefantskogen» slik den er i dag vil nok ryke med. Fylkesmannen har merknad til handteringa og spør om erstatningsareal for areal nytta til leik. Dei meiner at når område brukt til leik vert nytta til anna formål, må det sikrast erstatningsareal. Det bør vurderast om ein kan sikre området ned mot Prestelva til leik/ friområde gjennom denne planen.

Konklusjon i dialogmøtet vart at området som er nemnd som eit aktuelt erstatningsareal er LNF-formål i overordna plan. Fylkesmannen legg til grunn at kommunen ved endring av føremål i overordna plan ser det naturleg å sikre grøntareal og vil leggje vekt på at området er viktig som leikeareal. Fokus på at det er tilgjengelig areal som er eigna og ikkje naudsyntvis ein ny «Elefantskog».


VA-rammeplan og overvatn

a. Vann og avlaup

Dagens situasjon i plansområdet er at det ikkje eksisterar nokre offentlege tekniske anlegg.

VA-rammeplanen skildrar korleis ein har planlagt å leggje nytt anlegg, dimensjonering og tilgang for slukkevatn. Tilgang til vatnet skal skje gjennom kopling til Kolåshøgdebasseng

Når det gjeld avlaup skal dette kunne koplast til eksisterande kum ved Krambuhaugen med sjølvfall.




b. Overflatevatn

Søndre eller indre del av planområdet er delt av ein liten haug slik at naturleg overflateavrenning har to retningar.

Den delen som vender mot Prestelva er for så vidt enkel og handtere, men som og nokre av innspela tek opp er det ei eksisterande utfordring og problemstilling knytt til overflatevatn i Krambuhaugen (sjå utsnitt).

Tiltakshavar er inneforstått med at ikkje kan lede meir vatn eller opparbeide flater som aukar avrenninga. Det må gjerast avbøtande tiltak i samband med gjennomføring av planen for barnehagen som forbetrar tilhøve i området.

Sjølv om noko av volumet kan gå til fordrøyning ser tiltakshavar at det kan gjerast tiltak som førar meir av vatnet til Prestelva. VA-rammeplanen vert oppdatert knytt til overflatevatn.



Utsnitt frå VA-rammplan (flaumvegar)

Risiko- og sårbarhetsanalyse

Den mottekne ROS-analysen inneheld ei farekartlegging og ei sårbarhetsvurdering knytt til naturhendingar og uønska menneskeskapte. Dette gjeld mellom anna vind, nedbør, skog- og lynnbrann, elektromagnetiske felt og trafikktilhøve.

Oppsummert kan ein seie at ingen tilhøve i kartlegginga indikerer risiko eller sårbarheit ut over «lite sårbart», mao. lite aktuelt i høve til dette planområdet. Under høringa er det ikkje avdekket eller peika på tilhøve som ikkje er kjent frå tidlegare. Viktigaste konkrete punkta synast ivaretaking av trafikktryggleik og handtering av overflatevatn. Det visast elles til ROS-analysen som er vedlagt.

Justert framlegg

Med bakgrunn i dei rammene som var gjeve i motsegna og konklusjonen etter dialogmøte har tiltakshavar saman med konsulent endra førsegna til plan. Planskildring og plankart er ikkje endra.

.....